

SØKNAD OM DISPENSASJON


Gnr. 134 , Bnr. 114

i Lindås kommune

Det søkes herved om dispensasjon
frå gjeldane kommunedelplan KDP,
for å kunne oppføre ei terrasse/veranda
i tilknytning til min fritidsbustad.

Med bakgrunn i at tomten er sterkt
skrånende mot øst , mot utsiktsiden - sjøen,
er det et stort behov for en god uteplass.

Alversund, 16. 07. 2016



Kjell ove Sanden


Kjell Ove Sanden
Hillandsvegen 9a
5911 ALVERSUND

Alversund , 16. 07. 2016

FULLMAKT

Herved gir jeg Alversund Maskinstasjon AS v/ Ove Myking
fullmakt til å signere byggesøknaden for oppføring av terrasse
på min eiendom, gnr. 134 ,l bnr. 114 i Lindås kommune.

Alversund , 16. 07. 2016



Kjell Ove Sanden



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1662 - 16/18549

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

28.06.2016

Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 133/29

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.05.16.

På grunn av stor pågang til avdelinga har saka dykkar blitt liggjande lenge utan at det har blitt føreteke mottakskontroll på søknaden. Vi seier oss leie for lang sakshandsamingstid.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplanen for Alverstraumen (KDP) avsett til bustad-føremål. Eigedomen ligg i område utan krav om regulering jf. KDP pkt. 3.2, 2. punktum. Vilkår for fritak frå krav om regulering går fram av kommuneplanen for 2003;

2.4 RETNINGSLINER FOR EKSISTERANDE BYGGEOMRÅDE (SOMER UTAN KRAV OM REGULERINGSPLAN(R) ELLER UTBYGGINGSPLAN(B))

Ved søknad om arbeid og tiltak innafør eksisterande byggeområde kan kommunen gjera unntak frå krav om reguleringsplan/utbyggingsplan dersom tiltaket:

1. Ikkje bryt vesentleg med eksisterande utbyggingsstruktur, volum og form på hus og landskap i området.
2. Ikkje fører til vesentleg endra eller utvida bruk og at tiltaket ikkje vil vera til hinder for framtidig regulering av område.
3. Ikkje inneheld meir enn 4 einestader eller 800 m² bruksareal.
4. Ikkje grip inn i viktige leike- eller naturområde.
5. Kan sikrast infrastruktur som vassforsyning, avløp, el.forsyning, tilkomst til off. veg m v.
6. Ikkje gjev vesentlege miljølempa for eksisterande busetnad eller for framtidig utbygging.

Det kan likevel krevjast framlagt plan som skal syna: Avkøyringar, bygningar, parkering, leikeareal, større terrengingrep og annan dokumentasjon for å kunne vurdere innhaldet og miljøeffektane i prosjektet.

Tiltaket er vurdert å vere i tråd men ovannemnde.

Eigedomen er bebygd med fritidsbustad, tilbygg/påbygg mv. til fritidsbustad vil vere i strid med gjeldande arealføremål. Omsøkt tiltak krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå bustadføremålet i gjeldande kommunedelplan. Det vert ikkje krevd ny nabovarsling av eventuell søknad om dispensasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumententeret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Privatrettslege tilhøve

Søknaden er ikkje signert av heimelshavarar, og det er ikkje dokumentert fullmakt til Alversund Maskinstasjon AS, som gjev rett til å signere på byggesøknadar. Det må enten leverast inn fullmakt frå heimelshavarar, eller ny søknad signert av heimelshavarar.

Krav om ansvar

Storleik på omsøkt tiltak (samla bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) er over 50 m²) tilseier at tiltaket kjem inn under plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 krav om bruk av ansvarleg føretak. Kommunen vurderer at omsøkt tiltak kan fritakast frå krav om ansvarsrett jf. § 23-1, 5.ledd.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå bustadføreålet i gjeldande KDP for oppføring av tilbygg i form av terrasse til fritidsbustad.
2. Fullmakt frå heimelshavar som gjev Alversund Maskinstasjon AS rett til å signere på byggesøknadar for heimelshavarar, evt. ny søknad signert av rette heimelshavarar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.07.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Ove og Roselinn Sanden

Skarsvegen 349

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS

Buhaugen 6

5911

ALVERSUND